

KOMMISJONSVEDTAK**av 18. desember 1998****om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellekapsmiljømerket til måling og lakk(*)***[meldt under nummeret K(1998) 4257]*

(1999/10/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE
FELLEKSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellekskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 880/92 av 23. mars 1992 om en fellekapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 1 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

Kommisjonen har ved vedtak 96/13/EF⁽²⁾ fastsett miljøkriterium for tildeling av fellekapsmiljømerket til måling og lakk, som etter artikkel 3 i vedtaket galdt inntil 14. desember 1998.

Det bør gjerast eit nytt vedtak der det vert fastsett miljøkriterium for denne produktgruppa som skal gjelde i eit nytt tidsrom på tre år rekna frå det tidspunktet då dei førre kriteria slutta å gjelde.

Dei kriteria som vart fastsette ved vedtak 96/13/EF, bør reviderast, slik at det vert teke omsyn til marknadsutviklinga.

I medhald av artikkel 5 nr. 1 første leddet i forordning (EØF) nr. 880/92 skal vilkåra for tildeling av fellekapsmiljømerket fastsetjast for kvar produktgruppe.

I artikkel 10 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 880/92 er det fastsett at den innverknaden som eit produkt har på miljøet, skal vurderast ut frå dei særskilde kriteria for produktgruppene.

I artikkel 4 nr. 2 bokstav a) i forordning (EØF) nr. 880/92 er det fastsett at miljømerket ikkje kan tildelast produkt som er stoff eller preparat som er klassifiserte som farlege i medhald

av rådsdirektiv 67/548/EØF⁽³⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 97/69/EF⁽⁴⁾, og rådsdirektiv 88/379/EØF⁽⁵⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 93/18/EØF⁽⁶⁾, men at det kan tildelast produkt som inneheld slike stoff eller preparat, i den mon dei stettar føremåla med fellekapsordninga for tildeling av miljømerke.

Måling og lakk inneheld stoff eller preparat som er klassifiserte som farlege i medhald av dei førnemnde direktiva.

Føremålet med dei miljøkriteria som er fastsette i dette vedtaket, er særleg å redusere til eit minimum innhaldet av stoff og preparat som er klassifiserte som farlege, i måling og lakk som kan tildelast miljømerket.

Måling og lakk som er i samsvar med desse kriteria, har difor liten innverknad på miljøet og stettar føremåla med fellekapsordninga for tildeling av miljømerke.

I samsvar med artikkel 6 i forordning (EØF) nr. 880/92 har Kommisjonen rådspurt dei viktigaste interessegruppene i eit samrådsforum.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 7 i forordning (EØF) nr. 880/92 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Produktgruppa “innandørs måling og lakk” vert definert på følgjande måte:

“Innandørs måling og lakk til yrkes- og heimebruk”.

Artikkel 2

Innverknaden på miljøet og dugleiken til den produktgruppa som er definert i artikkel 1, skal vurderast ut frå dei særskilde miljø- og dugleikskriteria som er oppførde i vedlegget.

(*) Denne fellekapsrettsakten, kunngjort i EFT L 5 av 9.1.1999, s. 77, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 98/1999 av 16. juli 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellekaps Tidende.

(1) TEF L 99 av 11.4.1992, s. 1.

(2) TEF L 4 av 6.1.1996, s. 8.

(3) TEF L 196 av 16.8.1967, s. 1.

(4) TEF L 343 av 13.12.1997, s. 19.

(5) TEF L 187 av 16.7.1988, s. 14.

(6) TEF L 104 av 29.4.1993, s. 46.

Artikkel 3

Definisjonen av produktgruppa i artikkel 1 og kriteria for henne skal gjelde i tre år frå den første dagen i månaden etter den månaden då dette vedtaket vert gjort.

Artikkel 4

For administrative føremål vert produktgruppa som er definert i artikkel 1, tildelt kodennummeret "007".

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærdet i Brussel, 18. desember 1998.

For Kommisjonen

Ritt BJERREGAARD

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

A. MÅLSETJING

For at måling og lakk skal kunne tildelast miljømerket, må dei stette kriteria i dette vedlegget, som skal fremje

- reduserte utslepp i vatn av giftige eller på andre måtar ureinande stoff,
- reduserte miljøskadar eller redusert miljørisiko ved at utsleppa i atmosfæren vert mindre,
- effektiv bruk av produktet og minst mogleg avfall.

Generelt

Produkta må vere i samsvar med rådsforordning (EØF) nr. 880/92 om en fellesskapsordning for tildeling av miljømerke og med dei følgjande kriteria i heile tidsrommet for kontrakten med det ansvarlige organet som tildeler miljømerket.

Nokre av kriteria er avhengige av

- produkttypen: måling eller lakk, slik det er definert i tillegg 1,
- målingsklassen: klasse 1 eller klasse 2, slik dei er definerte nedanfor.

Bruksområde

For måling skal bruksområdet særleg omfatte desse produkta:

- innandørs dekorasjonsmåling i væske- eller pastaform som produsenten har tilpassa, brekt eller klargjort for å oppfylle ønska til forbrukarane,
- produkt som distributøren har brekt etter ønske frå profesjonelle eller ikkje-profesjonelle interiørmålarar.

Bruksområdet omfattar ikkje desse produkta:

- golvmåling,
- rustvernmiddel,
- grohemmande måling,
- tre-impregneringsmiddel,
- trebeis,
- måling til særlege industriføremål,
- fasademåling.

Klassifisering av produkt

Måling vert klassifisert etter glans. Det er definert to klassar:

- Klasse 1: Måling med ein glans som er mindre enn eller lik 45 einingar ved $\alpha=60^\circ$ ⁽¹⁾
- Klasse 2: Måling med ein glans på over 45 einingar ved $\alpha=60^\circ$ ⁽¹⁾

Dei kriteria som gjeld for måling i klasse 2, gjeld òg for lakk.

I krava til tildeling av fellesskapsmiljømerket til måling og lakk er det teke omsyn til denne klassifiseringa, særleg når det gjeld kriterium nr. 2 (innhald av flyktige organiske sambindingar), nr. 3 (innhald av flyktige aromatiske hydrokarbon), nr. 6.A (dekkevne) og nr. 6.B (motstandsevne mot væske).

B. MILJØKRITERIUM

Kriterium nr. 1: Kvite pigment (sjå definisjon nr. 2 i tillegg 1) (gjeld måling)

Målinga skal ha eit innhald av kvite pigment som er mindre enn eller lik 40 g per m² tørr hinne med ein opasitet på 98 %.

⁽¹⁾ Måling av glans vert utført etter ISO 2813-metoden.

Måling av kor stor mengd av produktet som trengst til å dekkje ei flate på 1 m² med ein opasitet på 98 %, skal utførast etter ISO 6504/1-metoden (sjå òg kriterium nr. 6.A).

Tre typar kvite pigment som svarar til definisjon nr. 2 i tillegg 1, vert vanlegvis nytta for produktgruppa: titandioksid (TiO₂), litopon og sinkoksid.

Når det gjeld TiO₂, skal følgjande kriterium gjelde for utslepp og avfall som har å gjere med produksjonen av kvite pigment:

- SO_x-utslepp (uttrykt som SO₂) på under 300 mg per m² tørr hinne (med ein opasitet på 98 %),
- sulfatavfall på under 20 g per m² tørr hinne (med ein opasitet på 98 %),
- kloravfall på under 5, 9 og 18 g per m² tørr hinne (med ein opasitet på 98 %), for høvesvis nøytral rutil, syntetisk rutil og slagg.

Kriterium nr. 2: Innhald av flyktige organiske sambindingar (VOC) (sjå definisjon nr. 3 i tillegg 1)

Høgsteinnhaldet av flyktige organiske sambindingar er avhengig av produktet:

2.A. For måling i klasse 1:

VOC-innhaldet skal vere mindre enn eller lik 30 g/l (minus vatn).

2.B. For lakk og måling i klasse 2:

VOC-innhaldet skal vere mindre enn eller lik 200 g/l (minus vatn)⁽¹⁾.

VOC-innhaldet vert uttrykt som "VOC-masse i gram per liter produkt (g/l minus vatn)".

Kriterium nr. 3: Flyktige aromatiske hydrokarbon (sjå definisjon nr. 4 i tillegg 1) (gjeld alle produkt)

Høgsteinnhaldet av flyktige aromatiske hydrokarbon er avhengig av produktet:

3.A. For måling i klasse 1:

Innhaldet av flyktige aromatiske hydrokarbon skal vere mindre enn eller lik 0,2 % av produktet (m/m).

3.B. For lakk og måling i klasse 2:

Innhaldet av flyktige aromatiske hydrokarbon skal vere mindre enn eller lik 0,5 % av produktet (m/m).

Kriterium nr. 4: Ingen tungmetall (gjeld alle produkt)

Dei delemna (stoff eller preparat) som vert nytta i produktet, må ikkje innehalde følgjande tungmetall:

- kadmium,
- bly,
- krom VI,
- kvikksølv,
- arsen.

Delemna kan likevel innehalde ureinske eller sporstoff som stammar frå råmateriale. Det skal ikkje takast omsyn til desse når søknaden om tildeling av miljømerket vert vurdert.

⁽¹⁾ Dersom produsenten kan påvise, ved prøving etter ISO 6504/1-metoden, at målinga har ei større dekkevne på minst 15 m²/l med ein opasitet på 98 %, skal eit VOC-innhald på opptil 250 g/l (minus vatn) tillast. Produsenten bør forklare og gjere merksam på ei slik større dekkevne på emballasjen.

Kriterium nr. 5: Farlege stoff (gjeld alle produkt)

Dei delemna (stoff eller preparat) som vert nytta i måling og lakk, må ikkje vere klassifiserte som

- kreftframkallande,
- mutagene,
- reproduksjonsgiftige,
- giftige⁽¹⁾,
- svært giftige⁽¹⁾,

og produktet må ikkje innehalde mjuknarar som er klassifiserte som miljøfarlege, slik det er definert i rådsdirektiv 67/548/EØF⁽²⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 97/69/EF⁽³⁾.

C. DUGLEIKSKRITERIUM

Krava til tildeling av miljømerke må ikkje føre til "at produktsikkerhet eller arbeidstakers sikkerhet settes i fare, eller at produktets bruksegenskaper påvirkes vesentlig" (rådsforordning (EØF) nr. 880/92). Føremålet med dugleikskriteria nedanfor er å gje forbrukarane ein garanti for at dei produkta som er tildelte miljømerket, har like gode bruksegenskapar som andre produkt i den same gruppa.

Kriterium nr. 6: Dugleik

Dugleikskriteria er ulike alt etter om produktet er ei måling (i klasse 1 og 2) eller ein lakk.

6.A. For måling (i klasse 1 og 2): Dekkevne

Måling skal ha ei dekkevne som er større enn eller lik 7 m² per liter produkt⁽⁴⁾.

6.B. For lakk: Motstandsevne mot væske

Lakk skal ha ei tilfredsstillande motstandsevne mot vatn i éin time ved romtemperatur⁽⁵⁾.

D. OPPLYSNINGAR TIL FORBRUKAREN**Kriterium nr. 7: Bruken av produktet** (gjeld alle produkt)

Det bør gå tydeleg fram på emballasjen at produktet er for innandørs bruk.

Kriterium nr. 8: Ureining frå vatn som vert nytta til reinsing av reiskapar (gjeld alle produkt)

Emballasjen bør vere påført tilrådingar om korleis reiskapar bør reinsast, slik at det vert minst mogleg ureining frå vatn. Målingsprodusenten skal tilpasse tilrådingane til den aktuelle produkttypen.

Kriterium nr. 9: Fast avfall (gjeld alle produkt)

For at det skal verte minst mogleg fast avfall (restar og emballasje), skal emballasjen vere påført tilrådingar om korleis produktet bør forvarast etter at det er opna.

Emballasjen til produktet skal vere påført følgjande opplysningar:

Dette produktet stettar krava til tildeling av fællesskapsmiljømerket fordi det medverkar til å redusere vassureininga, luftureininga og avfallsmengda.

⁽¹⁾ Delemne som vert nytta som konserveringsmiddel i produktet, kan innehalde stoff som er klassifiserte som miljøfarlege, giftige eller svært giftige for menneskehelsa, opp til ei grense på 0,1 % av det samla produktet.

⁽²⁾ TEF 196 av 16.8.1967, s. 1.

⁽³⁾ TEF L 343 av 13.12.1997, s. 19.

⁽⁴⁾ Måling av dekkevne vert utført etter ISO 6504/1-metoden.

⁽⁵⁾ Måling av motstandsevne mot væske vert utført etter ISO 2812/1-metode nr. 3.

*Tillegg 1***DEFINISJONAR**

Følgjande definisjonar skal gjelde for denne produktgruppa.

1. Måling og lakk

Måling og lakk er definerte som produkt som vert påførde i tynne dekkjande lag på ei overflate av tre, stein, metall eller anna materiale for å verne og/eller pryde overflata. Etter påføringa tørkar målinga eller lakken til ei fast, vedhangande og vernande hinne.

Måling er karakterisert ved dekkevne.

Lakk er karakterisert ved mangel på dekkevne og er gjennomsiktig.

2. Kvite pigment

Kvite uorganiske pigment med eit brytingstal som er større enn 1,8.

3. Flyktige organiske sambindingar (VOC)

Alle organiske sambindingar med eit kokepunkt (eller startkokepunkt) som er lågare enn eller lik 250 °C ved normale trykktilhøve.

4. Flyktige aromatiske hydrokarbon

Alle hydrokarbon med eit kokepunkt som er lågare enn eller lik 250 °C ved normale trykktilhøve, og med minst éin aromatisk kjerne i strukturformelen.

5. Stoff

Grunnstoff og sambindingar av dei, slik dei finst i naturleg tilstand eller som industriprodukt, i fast eller flytande form eller i gassform.

6. Preparat

Blandingar eller løysingar som er samansette av minst to stoff.

7. Produkt/produktserie

Produkt skal tyde ei måling eller ein lakk som må gjennomgå alle vurderingsprosedyrane.

Produktserien omfattar basen og det produktet som er framstilt av basen.

8. Brekkfargesystem

Eit brekkfargesystem omfattar ein base som er kvit, nøytral eller midt imellom, og fargepasta og kan ved hjelp av ei førehandsprogrammert blanding gje alle dei fargenyansane som det aktuelle produktet og den aktuelle produktserien femner om.

*Tillegg 2***TILVISING TIL STANDARDAR**

ISO 2812-1 "Maling og lakk — bestemmelse av væskebestandighet — Del 1: Generelle metoder".

ISO 2813 "Paints and varnishes — measurement of specular gloss of non-metallic paint films at 20 degrees, 60 degrees and 85 degrees" [Måling og lakk — måling av glans i hinner av ikkje-metallisk måling ved 20°, 60° og 85°].

ISO 6504/1 "Paints and varnishes — determination of hiding power — Part 1: Kubelka-Munt method for white and light-coloured paints" [Måling og lakk — fastsetjing av dekkevne — Del 1: Kubelka-Munt-metoden for kvit og lett farga måling].